



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunnar O. Hæreid
Telefon: 57643002
E-post: fmsfgoh@fylkesmannen.no

Vår dato
17.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/3235 - 421.6
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Høyring - anbod på regionale flyruter i Sør-Noreg frå 1. april 2016

Fylkesmannen viser til brev 22. august 2014, der fylkeskommunen ber om fråsegn til høyringa innan 22. september 2014.

Eg er lei for at fristen ikkje er halden, men etter samtale med nestleiar på samferdelsavdelinga Ole Ingar Hagen Hæreid ber me om at fylkeskommunen likevel tek omsyn til følgjande merknader:

Fylkesmannen vil streka under at flytilbodet til og frå fylket og Oslo og Bergen er særst viktig for både for næringsliv og offentlege verksemder. Diverre er det slik at det eksisterande rutetilbodet stundom blir sett på som ein så stor ulempe at verksemder vert flytta ut av fylket.

Særleg på avgangar frå fylket morgon og ettermiddag/kveld mot Oslo er det til dels store kapasitetsproblem, som gjer at møte og reiser må flyttast på eller avlysast. Me skulle difor ønskt oss at kapasiteten for avgangar morgon og ettermiddag/kveld hadde vorte auka, for alle rutene mellom Oslo og Sogn og Fjordane.

For avgangane mellom Sogndal eller Førde og Bergen er det mindre trafikk. Likevel er dette viktige ruter for mange, og Fylkesmannen ønskjer at begge rutene vert oppretthaldne. Me må leggja til at ein del brukarar av rutene flyg vidare til Stavanger, og det vil difor føra til auka press på ruter mot Oslo og vidare derifrå til Stavanger dersom rutene mot Bergen vert lagde ned. I så fall må det vurderast om kapasiteten mot Oslo må aukast.

Elles må me peika på at prisnivået er utfordrande både for offentleg verksemd og næringslivet. For oppstartsverksemder har me fått høyra at prisnivået har medverka til at dei har oppretta avdelingskontor i Oslo eller Bergen, framføre å tilsetja fleire i fylket. Me åtvarar difor mot å auka takstane for maksimalnivået.

Til slutt vil Fylkesmannen åtvara mot å ta Oslo-Førde og Oslo-Florø ut av anbodsgrunnlaget. Me har vanskar me å sjå korleis det vert sikra at reint kommersiell drift gjev eit like godt rutetilbod som i dag. For næringslivet og offentleg verksemd er

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

det viktig å ha eit føreseieleg rutetilbod, og dersom det blir usikkert kva rutetilbod framtida gjev, vil dette i seg sjølv ha ein negativ effekt.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.